



SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksh.
Eidfjord formannskap	07.03.2011	021/11	ELNGUN
Eidfjord kommunestyre	28.03.2011	012/11	ELNGUN

Offentleg**Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord, godkjenning etter 2. gangs høyring****Dokument i saka:**

Nr	Dok.dato	Avs./Mot.	Tittel
14 I 4	07.02.2007	Kystverket	Vedk. melding om oppstart av planprogram - rullering av arealdelen av kommuneplan
14 I 5	16.02.2007	Fossli Hotel AS	Arealdelen av kommuneplanen
40 I	23.02.2007	Erdal stølssameige	Innspel til kommuneplan - stølshus
33 I	22.04.2007	Ola Sæbø	Vedk. hytter/stølshus i stølssameiger - Søre Bjoreidalen sameige
34 I	27.04.2007	Garen Gaard	Rullering av arealdel av kommuneplanen Gnr. 18 bnr. 1
35 I	27.04.2007	Krossdalen Sameige	Krossdalen Sameige - rullering av arealdelen av kommuneplanen
36 U	02.05.2007	Anders Vaksdal; Maurseth turistsenter v/ Leif Rune Maurseth; Hordaland fylkeskommune; Harald Næss; Statens vegvesen; Fylkesmannen i Hordaland; Lise Nilsen; Hardangervidda Natursenter Eidfjord; Magnar Hereid;	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord. Vedteke planprogram.

			Bergvesenet; Sæbø camping; Jacobsen prosjekt team a/s; Kystverket vest; Fiskeridirektoratet region vest; Statkraft Energi AS; Fossli Hotel v/Erik Garen; Kulturkontoret; Ketil Bjotveit Larsen; Paul Amundsen; Eidfjord Utvikling; Destinasjon Eidfjord	
37	U	03.05.2007	Anders Vaksdal; Bergvesenet; Destinasjon Eidfjord; Eidfjord formannskap; Eidfjord Utvikling; Fiskeridirektoratet region vest; Fossli Hotel v/Erik Garen; Fylkesmannen i Hordaland; Halne Fjellstova v/Liv og Anders Vaksdal; Harald Næss; Hardangervidda Natursenter Eidfjord; Hordaland fylkeskommune; Jacobsen prosjekt team a/s; Ketil Bjotveit Larsen; Kulturkontoret; Kystverket vest; Leif Rune Maurseth; Lise Nilsen; Monica og Magnar Hereid; Statens vegvesen; Statkraft Energi AS Produksjon Glomfjord; Sæbø Camping; Paul Amundsen	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord. Vedteke planprogram.
38	I	07.05.2007	Ungdom i Eidfjord	Crossbane i Eidfjord
39	I	07.05.2007	Veig sameige	Innspel til kommuneplan - stølshus
41	I	07.05.2007	Drølstøl - Skisete Hadle grunneigarlag	Innspel til kommuneplan - stølshus
42	I	07.05.2007	Veigdalen grunneigarlag	Innspel til kommuneplan - stølshus
43	I	07.05.2007	Busete Stølssameiga	Innspel til kommuneplan - stølshus
44	I	07.05.2007	Olavsdalen Frisæter Sameiga	Innspel til kommuneplan - stølshus
45	U	09.05.2007	Garen Gaard	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord
46	I	15.05.2007	Anne Høyem Garen og Gunnar Garen	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord, stølshus - uttale

47	I	24.05.2007	Marita M. Garen og Nils Garen	Bygging og vedlikehold av hytter/stølshus i LNF område
49	U	07.09.2007	Anders Vaksdal	Heilkopterlandingsplass på Halne
51	I	02.11.2007	Legekontoret i Eidfjord	Hytter og bilveg i fjellet - uttale
52	I	16.11.2007	Målbruksnemnda	Målbruksplan inn i kommuneplan
53	I	19.11.2007	Eiliv Garathun	Grunneiere bygning
54	I	21.11.2007	Eiliv Garathun	Grunneiere bygning oppdatert bj.xls
55	U	22.11.2007	Høringspartar	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord - offentlig høyring
56	I	04.12.2007	Fylkesmannen i Hordaland	Rullering av kommuneplanen - Spørsmål om utsatt høringsfrist
58	I	05.12.2007	Bergvesenet	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord - uttale
59	I	19.12.2007	Eva-Katrine Taule	Kommuneplan for Eidfjord - utsetjing av frist
60	U	28.12.2007	Fylkesmannen i Hordaland	Rullering av kommuneplanen - utsatt høringsfrist
62	I	03.01.2008	Areal og miljø	Tekstdel kommuneplan
63	I	05.01.2008	Storlia Velforening	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord - uttale
67	I	14.01.2008	Olaug Tveit og Harald Mjanger	Kommentar til planar om motorcrossbana i Simadal
68	I	14.01.2008	Olaug Tveit	Uttale til kommuneplanen
71	I	14.01.2008	Hans O. Tveit	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord - uttale
73	I	14.01.2008	Kystverket	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord - uttale
74	I	14.01.2008	Advokatfirma Harris	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord - uttale
72	I	15.01.2008	Statkraft Energi AS	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord - Uttale
69	I	15.01.2008	Veigdalen Grunneigarlag v/ Hans G Myklatun	VS: Arealdeksplanen
70	I	15.01.2008	Fiskeridirektoratet	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord - varsel om motsegn
75	I	21.01.2008	Aud Kristine Dahl	Utsettelse av høringsfrist
76	I	23.01.2008	Asle Øydvin	Framlegg til lysløypeanlegg på Høel i Sysendalen
77	I	28.01.2008	Statens Vegvesen	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord - uttale
78	I	28.01.2008	NVE	Uttale til arealdelen i kommuneplanen
79	I	28.01.2008	Statens Vegvesen	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord - uttale
80	I	28.01.2008	Hordaland Fylkeskommune	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord - uttale
61	I	28.01.2008	Veigdalen grunneigarlag	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord- uttale
82	I	30.01.2008	Hordaland Fylkeskommune	Vidare handsaming av kommuneplan
81	I	31.01.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord - uttale

83	I	01.02.2008	Aud Kristine Dahl	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord - uttale
84	I	04.02.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord - uttale
85	I	06.02.2008	Halvdan Ramberg Moe	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord - uttale
88	I	28.02.2008	Hordaland Fylkeskommune	Prosess med kommuneplan og reguleringsplan for Sjobakkane
89	U	07.03.2008	Hordaland Fylkeskommune	Prosess med kommuneplan og reguleringsplan for Sjobakkane
92	U	14.08.2008	Formannskapet	Synfaring i samband med rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord
93	U	25.08.2008	FM, HFK Formannskapet	Referat/oppsummering frå synfaring gjennomført 20. og 21. august
94	U	12.02.2009	Kontaktperson for sameige	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord tema, hytter/stølshus i stølssameige i LNF-område
96	I	12.03.2009	Planutvalet i Eidfjord kommune v/Gunn Sandvik	Framtidas omsorgsutfordringar - lagt inn i kommuneplanen
98	I	27.03.2009	Eidfjord idrettslag	Lysløype Høel
99	I	30.03.2009	Knut Bue	Revidering av kommuneplan for Eidfjord
100	U	27.04.2009	Fiskarlaget Vest; Kvinnherad og Hardanger Fiskarlag	Vedkomande låssettingsplass i Eidfjorden
101	I	26.05.2009	Fiskarlaget vest	Vedk. låssettingsplass i Eidfjorden
1034	I	02.08.2009	Tom Karsten Garen	Inspel til kommuneplan
1036	I	16.09.2009	Veigdalen grunneigarlag v/Olav Indgjerd	Rullering av arealdelen av kommuneplanen for Eidfjord, hytter/stølshus
104	U	09.10.2009	Komite for framtidas omsorgsutfordring v/Elisabet Joleik	Framtidas omsorgsutfordringar - lagt inn i kommuneplanen
105	I	27.10.2009	Hardangervidda Natursenter Eidfjord	Opplevingssenter for Norsk natur, klima og miljø
106	I	12.01.2010	Fylkesmannen i Hordaland	Akseptkriteria til bruk i ROS analysearbeidet i arealplanlegginga og eventuelt anna planarbeid
103	I	12.03.2010	Andreassen Ragnhild	Bro over Bjoreio
106	U	12.04.2010	Tilsynsutvalet for Hardangervidda Nasjonalpark; Bergen turlag; Fiskarlaget vest; Hordaland Fylkeskommune; Fiskeridirektoratet; Fylkesmannen i Hordaland; Hol kommune;	Arealdelen av kommuneplan for Eidfjord - 2. gangs offentlig høyring

			Kystverket; Luftfartstilsynet; Naturvernforbundet i Hordaland; Nore og Uvdal kommune; Norges miljøvernforbund; NVE; Statens vegvesen; Statkraft Energi AS; Statnett SF; Ullensvang herad; Ulvik herad; Vinje kommune; Hardangervidda villreinutval; Indre Hardanger Kraftlag AS; Villreinnemnda for Hardangervidda	
11 7	I	26.04.2010	Statnett SF	Arealdel av kommuneplan for Eidfjord, 2.gongs offentlig høyring
11 8	I	27.04.2010	Luftfartstilsynet	Arealdelen av kommuneplan for Eidfjord - 2.gongs offentlig høyring
11 9	I	04.05.2010	Hordaland fylkeskommune	Arealdelen av kommuneplan for Eidfjorde kommune- 2.gongs offentlig høyring - utsett frist
12 0	I	10.05.2010	Fiskeridirektoratet	Eidfjord kommune - 2.gongs offentlig høyring - uttale og tilbaketrekking av motsegn
12 4	I	14.05.2010	Fiskarlaget Vest	Uttale - Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord - 2.gongs offentleg høyring
12 3	I	18.05.2010	Hardanger Consult	Innspel til arealdelen av kommuneplanen
12 1	U	18.05.2010	Aud Kristine Dahl	Arealdelen av kommuneplan for Eidfjorde kommune- 2.gongs offentlig høyring - utsett frist
12 2	U	18.05.2010	Hordaland Fylkeskommune	Arealdelen av kommuneplan for Eidfjorde kommune- 2.gongs offentlig høyring - utsett frist
12 7	I	19.05.2010	Noregs vassdrags- og energidirektorat	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord - Uttale
12 8	I	19.05.2010	Veigdalen Grunneigarlag	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord - Uttale
12 9	I	19.05.2010	Statens Vegvesen Region Vest	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord - uttale
12 5	I	20.05.2010	Torunn Sæther (for Bjørg Wiik)	Høringsuttalelse - kommuneplan Kjeåsen
12 6	I	20.05.2010	livOGlyst v/Gunvall Medhus	Innspel til arealdelen av kommuneplanen - Stadutvikling i sentrum
13	I	20.05.2010	Bruskorve hytteeirforening	Innsill til arealdel av Kommuneplan -

1				Sysendalen
13	I	21.05.2010	Bruskorvet Hytteeierforening	Innspill kommuneplan vedr.
0				Sysendalen
13	I	28.05.2010	Statens vegvesen	Bestilling av støysonedata
2				
13	I	31.05.2010	Fylkesmannen i Hordaland	Uttale til 2.gongs offentlig ettersyn av arealdelen til kommuneplan for Eidfjord
5				
13	I	03.06.2010	Olaug Tveit	Kommentar til 2.gongs høyring kommuneplanen
4				
13	I	04.06.2010	Hordaland Fylkeskommune	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord - 2. gongs høyring
6				
13	I	01.11.2010	Stenseth Hilde Statens vegvesen v/Gunn	Rullering av arealdelen av kommuneplan for Eidfjord
7				
13	I	03.12.2010	Fylkesmannen i Hordaland	Motsegn til kommuneplan for Eidfjord - vidare prosess
9				
14	I	15.12.2010	Fylkesmannen i Hordaland	Presisering av brev om motsegn til Kommuneplan for Eidfjord
1				

Vedlagt:

Innkomne uttaler etter 2. gangs høyring

Notat – Eidfjord kommune – ROS-analyse utbyggingsområde

Vurdering av tema 10, 11 og 14 i forhold til naturmangfaldlova §7

Føresegner og retningslinjer til plankartet

Plankartet for kommuneplanen

Særutskrift skal sendast til:

Endeleg avgjerd i: Kommunestyret

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova av 14. juni 1985, §20-5, vert kommuneplanen for Eidfjord, plankartet datert 25.02.2011 og føresegnene datert 28.02.2011 godkjent.

07.03.2011 Eidfjord formannskap

Handsaming:

Røysting:

Samrøystes tilrådd.

FSK-021/11 Tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova av 14. juni 1985, § 20-5, vert kommuneplanen for Eidfjord, plankartet datert 25.02.2011 og føresegnene datert 28.02.2011 godkjent.

28.03.2011 Eidfjord kommunestyre

Handsaming:

Røysting:
Samrøystes vedteke

KST-012/11 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova av 14. juni 1985, § 20-5, vert kommuneplanen for Eidfjord, plankartet datert 25.02.2011 og føresegnene datert 28.02.2011 godkjent.

Saka gjeld:

Framlegg til kommuneplan var lagt ut på 2. gangs høyring 22.03.10 med høyringsfrist 20.05.10. Det er kome inn 18 innspel til planforslaget. Innspel som vart gjeve til 1. gangs høyring er kommentert tidlegare i sak for kommunestyret, vert ikkje teke opp at i denne saka. Fylkesmannen opprettheldt sin motsegn til kommuneplanen. Dette har resultert i omfattande kontakt og meirarbeid. Me meiner no at planforslaget har rydda grunnlaget for motsegn til side og at kommuneplanen med tilhørande føresegner kan eigengodkjennast. Det er ikkje teke inn endringar som gjer grunn til ny utlegging til offentleg høyring.

Innspela vert kort referert og kommentert under:

Statnett SF (dok.nr. 117) presiserer sona for byggjeforbod på 40 meter til høgspenlinene.

Luftfartstilsynet (dok.nr. 118) har ikkje merknader til planforslaget.

Fiskeridirektoratet (dok.nr. 120) trekkjer motsegn, vidare meiner dei det er naudsynt med punkt i retningslinene om anna aktivitet og vern av låssettingsplassane.

Kommentar: Ser innspelet til Fiskeridirektoratet som nyttig innspel. Areal avsett til låssetting kan i mange samanhengar samordnast med anna aktivitet ved praktisk tilrettelegging. Saka er meint å gje overordna føringar.

Hardanger Consult (dok.nr. 123) melder innspel om naust i Erdal på vegne av grunneigar. Det er i etterkant meldt oppstart av revisjon av reguleringsplan for Erdal.

Kommentar: Naustområde var tema ved første høyring til kommuneplanen. Det kom ikkje inn innspel frå Erdal om naustområde i den høyringa og kommunestyret konkluderte med at eksisterande naustområde innanfor gjeldande plan var tilstrekkeleg. Det vart difor ikkje høyrte på nye naustområde ved 2. gangs høyring. Meiner det difor ikkje er rett å ta forslag om naustområde med i kommuneplan. Oppstartvarselet for reguleringsplan omfattar ikkje arealet vest for Erdalselva. Nye vesentlege innspel som ikkje har vore høyrte på, krev utlegging for ny høyring.

Fiskarlaget Vest (dok.nr. 124) meiner området på utsida av moloen og vestover slik låssettingsplassen er vist på plankartet må ha 1. prioritet. I tillegg må kasting kunna skje i heile fjordområdet, også innanfor område vist som ankringsområde.

Kommentar: Innspelet samsvarar med planforslaget og slik reguleringsplan for Vik-Menes vil framstilla arealbruken i sjø for låssettingsplass. Det har og vore dialog mellom båtlag og fiskarane kor det er forståing for ulike behov og moglegheit for løysingar som tek i vare interessene til både partar.

Når det gjeld kasting i ankringsområde, er dette normalt ikkje noko problem pga bruk til ulik årstid. Ankringsområde vert brukt på sumartid i samband med cruisetrafikken, mens kasting skjer på seinhausten i samband med brislingfisket. Skulle det oppstå ”kollisjon” i tidspunkt er største delane av fjorden frie for kasting, så det er rimeleg at kasting da må vika for ankring.

Kjeåsen gard v/Björg Wiik (dok.nr. 125) ynskjer ikkje vernestatus på Kjeåsen.

Kommentar: Kommunestyret vedtok å trekkja føremålet vern for Kjeåsen i planforslaget som var lagt ut til høyring. Ynskje frå grunneigar er difor etterkome.

Liv og Lyst Eidfjord (dok.nr. 126) meiner kommunestyret må ta reguleringsplanen for Vik-Læg Reid opp til revisjon. Dei peiker på stadanalysen og meiner denne må leggjast til grunn for revisjonen.

Kommentar: Gjeldande reguleringsplanar vert vidareført i denne rullering av kommuneplan. Rulleringa av kommuneplan er avgrensa til arealdelen av kommuneplanen med tilhøyrande føresegnar og retningslinjer. Innspelet er naturleg å knyta til tekstdelen i ein kommuneplan. Dette arbeidet startar opp etter valet i 2011.

NVE (dok.nr. 127) meiner nedbørfeltet for Dagalivassdraget bør visast i plankartet. NVE meiner at det skal presiserast at alle byggjesaker skal vurderast i høve til krava til tryggleik, jf pbl §68 og TEK §7-32. Vidare rår NVE kommunen til å utarbeida temakart for naturrisiko og gjennom retningslinjene kopla sakshandsaminga til kartet.

Kommentar: For Eidfjord sin del ligg nedbørfeltet til Dagalivassdraget innanfor verneområda, areala har alt eit vern gjennom regelverket som gjeld. Men det er ikkje problem å leggja inn grensa for verna vassdrag i tillegg.

Det vert meir presist å visa til gjeldande pbl og TEK, §28-1 og TEK kap. 7. Desse tilsvare pbl §68 og TEK §7-32 frå gamal lov.

Det er utarbeidd fleire rasrapportar, flaumsonkart og kart for potensiell skredfare. Me er samd i behovet for temakart og vil visa nedbørsområde for verna vassdrag i temakart. Kartprogrammet me brukar har moglegheit for temakart, det er viktig at eit temakart vert dynamisk og oppdatert for å kunna vera til nytte i sakshandsaming.

Veigdalen grunneigarlag (dok.nr. 128) meiner grunneigarane sine rettar ikkje er teken omsyn til gjennom at råmetalet for stølshus/hytter er redusert og manglande tiltru til grunneigarane si evne til å forvalta kultur- og naturverdiane.

Kommentar: Eit planarbeid handlar om å ”gje og få”. I den omfattande prosessen kommunen har vore gjennom fram til det forslaget som me håpar å få godkjent, må alle partar vera innstilt på at ein ikkje får det heilt som ein ynskjer i utgangspunktet. Det har vore naudsynt å gjera ei streng vurdering av rettane for å nå fram med hovudargumentet ovanfor Fylkesmannen.

Fossli hotell AS (dok.nr. 145) hadde innspel til oppstartvarselet i 2007 som ved ein inkurie ikkje har vore registrert og teken til vurdering. Følgjande innspel vart framsett i e-post;

- Rett på ein fritidsbustad i Hansalia.

Kommentar: Fossli er ein part i Hansalia sameiga. Ved reguleringa av Sysendammen vart det i Eidfjord bygningsråd, sak 24/78, gjeve erstatningstomt til stølshus som vart neddemt. Det er difor ikkje strid om retten til stølshus. Partane i Hansalia er utskilt med egne gnr/bnr, dette gjer det noko spesielt i forhold til det vanlege, kor stølsrett er knytt til hovudbruket.

Samstundes seier jordlova at eigedomar som er drive som ei eining i meir enn 5 år er å rekna som ei eining. Det er difor ikkje avgjerande at hovudeigedomen og stølsparten har kvart sitt gnr og bnr sidan partane har vore drive som ein i meir enn 5 år. Intensjonen frå kommunestyret med tema er å gjera det meir attraktivt å busetja seg på bruket ved at rettar til bruket kan brukast. Prinsippet at rettane høyrer til bruket og ikkje kan skiljast frå det står fast og er sentralt. Me konkluderer med at Fossli har rett til å setja seg opp ein hytte likt med Høl sin rett.

- Rett til fritidsbustad i Simadal sameiga.

Kommentar: I Simadal sameiga sitt innspel er parten til Fossli kommentert med "Ingen rett". Dette er eit privatrettsleg forhold kommunen ikkje kan ta stilling til.

- Utviding av hytteområde og område for næring.

Kommentar: Kommunestyret vedtok ikkje å gjera endringar i byggjeområde i Sysendalen ved denne rulleringa av kommuneplanen. Grunngevinga var at gjeldande kommuneplan for Sysendalen var vedteke i 2005 og at det difor ikkje var naudsynt å gjera endringar etter så få år.

Statens Vegvesen (dok.nr. 129) viser til innspel i planprogrammet og meiner det i liten grad har vore teken omsyn til. I innspelet er det peikt på følgjande;

- Det må vurderast løysingar for hovudvegnettet som sikrar godt miljø, trafikktryggleik, reduserer konsekvensar av trafikkstøy og luftforureining.
- Statens Vegvesen meiner det må leggjast føringar når det gjeld nye avkøyringar i forhold til vegklasse.
- Overordna heilskapleg styring av trafikken i Sysendalen.
- Rv 7 som Nasjonal turistveg bør omtalast i planen som eige tema.

Statens Vegvesen tek opp att desse punkta i si uttale. I tillegg vert det vist til at gamlevegen i Måbødalen er vedteken freda og at det er utarbeida forvaltningsplan som er styrande for kva tiltak som er tillate. Det vert vist til manglar i lista over overordna lover, planar og meldingar.

Kommentar: Overordna løysingar for hovudvegnettet som sikrar godt miljø, trafikktryggleik, redusert konsekvensar av trafikkstøy og luftforureining bør styrast i kommuneplan. Det same gjeld heilskapleg styring av trafikken i Sysendalen i forhold til avkøyringar, gang- og sykkelvegar og løypenettet. Heilskapleg styring av trafikken i Sysendalen har kommunen teke initiativ til og delvis gjennomført i reguleringsplanane. Mangel på finansiering av tiltak for betre trase for Rv 7 med tilhøyrande gang- og sykkelvegnett, har gjort det vanskeleg å gjennomføra tiltak. Det står att å leggja overordna arealføringar for delar av Sysendalen. Kommunestyret har ikkje opna for nye område for bygging ved denne rulleringa. Det synest naturleg å ha fokus på dette arbeidet ved rullering som må starta seinare dette året.

Å ta inn tema om Nasjonal turistveg i planen no, vert for seint i prosessen. Området ved Fossatromma er regulert med føremål å leggja til rette for turistsatsing i samband med Vøringsfossen. Gjeldane reguleringsplanar skal fortsett gjelda, meiner difor omsynet til turistvegen er teken omsyn til i området ved Fossatromma.

Kommunen har plan for trafikktryggleik, denne skal rullerast. Denne vil vera med å leggja grunnlag for prioriterte tiltak i kommuneplanen.

Bruskorvet hytteeierforrening (dok.nr.130 og 131) er oppteken av godt utbygd og fungerande gang- og sykkelvegar og skiløyper. Det ver spesielt peikt på behovet for samanhengande gangsti frå Bruskarva over Bjoreio og inn mot Nyestøllia. Kryssingspunktet er ynskt sør for

Bruskarva vest for Nyestølen. Kryssingspunktet for Leiro bør vera på etablerte rør for skiløypa mot Storlia.

Kommentar: I plankartet for Sysendalen er det ikkje teke inn stiar som kryssar Bjoreio. Det er vist sti inn til Bjoreio frå Leiro og skiløype i Storlia. Det er etablert kryssing av Leiro for skiløypa. Kryssing av Bjoreio har føregått på terskelen. Dette kan ved dårlege isforhold og stor vassføring vera vanskeleg. Det er naturleg at det kan etablerast ein sikker kryssing i området, men løysinga har vore omtvista av grunneigar på sørsida. Konsekvensen av løypenett på sørsida av Bjoreio krev ny høyring, det vert difor ikkje tilrådd å leggja inn forslag om dette i plankartet.

Elles er det andre mindre endringar som er gjort, desse er;

- kryssing av Leiro er etablert av Statkraft ved å leggja ned store røyr. Dette opnar for sikker kryssing av Leiro frå Bruskarva mot Storlia for vinterbruk.

Det er mindre avvik mellom traseane vist i kartet og det som reelt vert preparert. Innspel om dette er kome inn seint i planprosessen og det er usemja om endeleg trase, det vert difor ikkje teke inn endringar som krev ny høyring no.

Grunneigarar i Simadal (dok.nr. 134) protesterar mot motocrossbane i Simadalen. Det vert peikt på uttale frå Fylkesmannen, Fylkeskommunen, støyrapport og at det er rasfare i området.

Kommentar: Denne saka vart drøfta etter 1. gangs utlegging. Det er ikkje kome nye innspel i saka.

Fylkesmannen i Hordaland (dok. nr. 135, 139, 145) har kome med omfattande uttale og motsegn, og etter nærare kontakt med presiserande brev. Eg kommenterer dei ulike tema Fylkesmannen har omtalt.

- Mangel på støysonkart langs hovudvegane.

Kommentar: Statens vegvesen har utarbeida støysonkart for hovudvegane, dette vert teke inn i temakartet og omtalt i retningslinene.

- Ikkje god nok vurdering av tema samfunnstryggleik og beredskap innanfor område med nye arealbruk.

Kommentar: Ei arbeidsgruppe med representant for overordna ROS-analyse, beredskap og plansjef, og med innspel av barnas talsmann, har utarbeida ROS-analyse for utbyggingsområde i arealdelen til kommuneplanen. Rapporten vert vedlegg planforslaget.

- Hytter/stølshus i stølssameige i LNF-område. Stølshus på Skisete omtalt i føresegnene, viser ikkje att i plankartet.

Kommentar: Stølshus på Skisete gjeld ein varsla søknad om å setja seg opp eit stølshus på ein rett som opphavleg er på Drølstøl. Ein føresetnad for å gje løyve er eit reelt behov i samband med landbruksnæring. Intensjon med å leggja stølshuset inn i føresegnene er å ha rett til å ha huset ståande dersom vilkåret vert endra.

- Fylkesmannen hadde motsegn til å tillate hytter bygd på stølsrettar, dette galt Skisete, Berastøl, Øyna, Hjølmose og Hansalia. Grunngeving er at Skisete, Berastøl, Øyna og Hansalia ligg innanfor Hardangervidda villreinområde og i strid med nasjonal hyttepolitikk. Øyna ligg i tillegg rett utanfor grensa til Hardangervidda nasjonalpark.

Kommentar: Presiseringen som følgjer brukte sakshandsamar i møte med Fylkesmannen 09.11.10. *FM meiner fleire av stølssameiga ligg innanfor Hardangervidda villreinområde og meiner det ikkje skal byggjast nye hytter innanfor grensene. I framlegget til område for hytter i stølsområda er det berre 1 hytte i Hansalia som ligg innanfor grensa til villreinområde og 1 hytte i Øyna vis a vis Vivelid. Når det gjeld området ved Vivelid meiner kommunen at her er*

det så stor aktivitet i samband med friluftsliv at det ikkje er rett at dette området er ein del av villreinområdet.

Når det gjeld Hjølmose te ser kommunen kulturminneverdiar med sjølve området og at dette vanskeleg let seg sameina med moderne hytter. Kommunen har difor valt å opna eit areal på 12 daa mellom sjølve Hjølmose te og Hjølmovegen som nytt hytteområde. Eit så avgrensa areal tilseier eit lite inngrep i området. Det vert ikkje opna for veg til hytteområdet.

Fylkesmannen oppretthaldt motsegn i brev datert 03.12.10 med argumentasjon at tema er i strid med; bygging i høgfjellet, regionale natur- og landskapsverdiar og nasjonal arealpolitikk i høve fritidsbustader og fjellområda.

I brev datert 15.12.10 trekkjer Fylkesmannen motsegn til dette punktet på vilkår at det presiserast at bygg i støls sameiga ikkje kan delast frå bruket og storleiken vert redusert til maks 45m². Dette vil eg tilrå lagt inn som vilkår i føresegnene.

Frå rådmannen si side er det gjort ein mindre redigering i avgrensing av byggjeområda for Hansalia og Breastøl. Desse områda har vore trekt litt inn i 100 meters beltet til vassdrag. Me meiner det er rett å trekkja grensa for byggjeområda ved 100 meters grensa. Dette inneber at arealet for Berastøl vert ca 8,3 daa og Hansalia 4,1 daa.

- Fylkesmannen hadde motsegn til arealbruk i Sysendalen, vegframføring til byggjeområde. Som utgangspunkt meinte Fylkesmannen vegframføring må visast på kartet. Etter møtet 09.12 trekte Fylkesmannen motsegn til dette punktet i brev datert 03.12.10.

Kommentar: For nokre av byggjeområda i kommuneplanen er det behov for å trekkja grense mellom areal det kan byggjast veg til hyttene, der det kan opnast for transport til hyttene etter køyrelyve og der det ikkje skal vera veg. Dette vert gjort i det plankartet som vert lagt fram for kommunestyret.

- Fylkesmannen meiner vidare at føresegnene skilje for lite på råmer for bygg i byggjeområde. Fylkesmannen meiner og kommuneplanen skal seie kor mange hytter det kan vera i kvart byggjeområde.

Kommentar: Det er ikkje knytt motsegn til dette. Tema har vore drøfta administrativt med Fylkesmannen og det er gjeve uttrykk for at det vil gå for langt i grad av detaljplanlegging å etterkoma eit slikt krav. Utnytingsgrad vert ikkje tilrådd teke inn i kommuneplan, men at det vert gjeve retningsliner og eit krav til reguleringsplan.

- Samordna arealbruk i Simadalen. Fylkesmannen er kritisk til vesentleg utviding av massetak på Medhus av omsyn til landskapet, og meiner det er betre å samla inngrepa i område nedst i dalen.

Kommentar: Det er gjennomført ei prøvedrift i massetaket på Medhus. NGU sin grus- og pukkdatabse frå 2005 peiker på førekomsten på Tveit som "særs viktig" som bør sikrast mot anna arealbruk. Det vert teke inn rekkjefølgekrav i forhold til utnytting av grusressursane i Simadalen.

- Utviding av alpinbakken til Grytehorgi. Fylkesmannen ser det positive i å samla menneskeleg aktivitet i ein del av Hardangervidda med mindre arealkonflikt til villreinen sin bruk.

Kommentar: Dette er i samsvar med kommunestyret sitt ynskje.

- Byggjeområde i tilknytning til Hardangervidda Natursenter. Fylkesmannen er kritisk til å setja av byggjeområde før det er gjort ein kjerneområdekartlegging.

Kommentar: Kjerneområdekartlegging er eit arbeid som er tenkt starta opp som kommunedelplan. Det er landbruksavdelinga hos Fylkesmannen som har produsert

grunnlagskart til dette arbeidet. Karta har landbrukskontoret motteke no like før jul og det er forventa at planarbeidet vil starta opp i løpet av året.

- Fylkesmannen har motsegn til føresegnene for jordvernet og bygging i LNF-område der spreidd utbygging er tillete. Vidare har Fylkesmannen merknad til retningslinene og tilrår teke inn to kulepunkt om landskapsomsyn og busetnadstruktur.

Kommentar: Motsegna frå Fylkesmannen går på at det ikkje skal byggjast på dyrka- og dyrkbar jord eller samanhengande innmarksbeite. Det skal ikkje delast frå tomt nærare driftsbygning enn 100m. Frådeling eller byggjeløyve må ikkje medføra auka trafikk gjennom gardstunet. Eg ser punkta som ledd i å verna dyrka mark og landbruksnæringa. Det er press på landbruksareala i sentrumsnære område. Arbeidet med kjerneområdekartlegging vil nærare trekkje grenser for landbruksareala. Det er intensjon å styra kor det kan byggjast gjennom plan, punkta Fylkesmannen meiner skal takast inn i føresegnene, peiker i same retning. Eg meiner det er rett å ta til følgje Fylkesmannen sine grunnlag for motsegn.

Fylkeslandbruksstyret rår ifrå bygging av hytter på stølane Hjølmosete og Berastølen. Forslaget frå kommunen er at nybygging skal kunna gjerast på avgrensa areal utanfor dei gamle stølområda. Skal det som alternativ byggjast på stølsområde, skal dette gjerast som restaurering av eksisterande stølshus. Me meiner bygging på denne måten ikkje vil påverka dei opphavlege stølsmiljøa.

- Fylkesmannen meiner det ikkje er i samsvar med plan- og bygningslova å visa eksisterande bustad- og fritidsbygg i LNF-område som spreidd utbygging. Dei meiner lokalisering skal visast på kart og med omfang.

Kommentar: I plankartet vert vist område for nye fritidsbygg i LNF-område med omfang som viser samla tal på eksisterande og nye bygg. For områda Berastøl og Hjølmosete er områda for ny bygging utanfor eksisterande stølsområde. Her vert berre vist område for nybygging. Andre eksisterande stølsområde vert ikkje vist i plankartet.

Hordaland Fylkeskommune (dok.nr. 136) rår i frå at det vert fleire hytter på Hjølmosete og Berastøl som ligg i randområdet til Hardangervidda nasjonalpark av omsyn til friluftslivet og villreinen. Vidare har Fylkeskommunen motsegn til to punkt som må takast inn i føresegnene under bygging i LNF-område med spreidd bygging;

- a) søknadspålagt tiltak må sendast kulturvernmyndet for ei vurdering i høve til undersøkingsplikta §9 i kulturminnelova,
- b) alle søknadspålagt tiltak nærare enn 100m til freda kulturminne må godkjennast av kulturvernmyndet.

Kommentar: Område avsett til spreidd utbygging i LNF-område på Hjølmosete og Berastøl ligg utanfor det som i regional plan for Hardangervidda er definert som villreinen sitt leveområde. For Hjølmosete er det sett av 12 daa til område for hytter, dette området ligg ca 4,5km frå parkgrensa. For Berastøl er det sett av 8,3 daa, arealet vil da omfatta 2 eksisterande stølshus/hytter, dette området ligg ca 2,5km frå parkgrensa og nær offentleg veg. Det er krav om reguleringsplan før utbygging i område avsett til spreidd bygging i LNF-område.

Grunnlaget for å trekkja motsegn (pkt a og b) meiner me ligg i kravet om reguleringsplan, men bør og takast med i føresegnene.

Fylkeskommunen bed vidare 2 føresegner teke inn;

- alle tiltak med nye og varige inngrep på sjøbotn må sendast til kulturvernmyndet for høyring.
- Alle tiltak som skiplar verneverdige kulturminne, kulturmiljø eller kulturlandskap skal oversendast kulturvernmyndet for høyring.

Kommentar: Dette er krav som følger av kulturminnelova, har difor ikkje merknader til innspelet.

Fylkeskommunen meiner byggjeområde for Natursenteret er mangelfullt utgreidd i forhold til kulturminneinteressene i nærleiken.

Kommentar: Omsynet til kulturminneinteressene i området vil måtte takast omsyn til i detaljplanarbeidet. Innspelet er i liten grad konkretisert frå Natursenteret si side, det er difor vanskeleg å vera meir konkret. Kommunen ser det som naturleg at kulturinteressene som er ein vesentleg del av senteret sitt innhald, vert teken vare på i området utanfor bygningane også.

Økonomiske konsekvensar:

Kommuneplan heimlar ikkje ekspropriasjon eller erstatning, men vert bindande for arealbruk for nye område.

Juridiske konsekvensar:

Det generelle prinsippet i planloven er at alle planforslag skal leggjast ut til offentleg ettersyn. Vert det gjort endringar på vesentlege punkt, skal kommunen leggja endringane ut til offentleg ettersyn.

I føresegnene er heimel og vilkår til tiltak vist til ny plan og bygningslov. Nye tiltak skal handsamast etter gjeldande regelverk på søknadstidspunktet, sjølv om kommuneplanen er heimla i pbl av 1985.

Utfyllande reglar til føremål i plankartet er naudsynt for å gje innhald til føremålet.

Kommunen har fått krav om å leggja inn støysoner for motocrossbane, helikopterlandingsplass og langs riksveg. Dette vert presentert i temakart og vert omtalt i retningslinene. Generelt er vedtekne reguleringsplanar gjeldande, tiltak utanfor regulerte område, som kjem innanfor støysoner kan påleggjast støyreducerande tiltak før dei kan realiserast. I plankartet er det ikkje lagt inn område for utbygging i tilknytning til område med støysone utanfor eksisterande regulerte område. Likevel bør føresegnene ha overordna reglar dersom enkeltsaker kjem til handsaming. Teknisk forskrift til byggjesaksdelen av plan og bygningslova har reglar ved støy.

I det vedlagte planforslag er det ikkje gjort endringar og tillegg som følgje av innspel eller motsegn som utløyser krav om ny utlegging til offentleg ettersyn. Samstundes er det slik at planforslag det er gjeve uttale til, ikkje kan takast opp til ”omkamp”.

Miljømessige konsekvensar:

Kommuneplanen skal vera overordna og samordnande for arealbruken. Planen er styrande for bygging i byggjeområde.

Personalmessige konsekvensar:

Ingen kjende.

Aud Opheim Lygre
rådmann

sakshandsamar